

Aanei for al den læta

Tone: Vift stolt paa Codans bølge

1) Aanei for al den læta, aa masing so her er
Aa dertil al den kjæta, aa gledja so fyl med
Kor godt her no skal verta, i Norigs land aa bu
So kver ei kraa i hjarta er full av denne tru

2) Vaar fridom heil aa klaarleg, me krov aa da med rett
Men ditta da va faarleg. Soleis hev mange sett
Men sjaa ein fekk det finna, so folk hev funne fyr
at sanning den vil vinna, tilslut i alt man gjør

3) Ja hykla da er faarleg, aa hjelpa seg med fusk
Forresten er da daarleg, altsama sore rusk
Eg vil 'kje seia meira, tenk kvar um da er so
De' sanningi so sigra, den sigra ogso no

4) De' da so er da glupa, i kvart eit yrkje her
Um trugne menn lyt stupa, so merkje atter er
Ja soleis hev det gjenge, i store ting aa smaa
At fusk tilslut hev fengje, den løni den plaa faa

5) Soleis so mange meina, da er 'kje god sak hell
Aa hava paa da reina, kvar ting i styr og stell
Kor ærleg ein vil staaka, so kan ein taka mist
Du kan da sama raaka, du veit det ikkje vist

6) I fjor daa sa dei alle: No vert her arbeidsro
I aar det gjeng so skralle, det tyt i novor no
Her er den same larmen, i aust i nor aa sø
Det er den store harmen: Det gjelder levebrø